

DFØ-rapport 1/2019

DFØs forvaltning av utgreiingsinstruksen i 2018

Mai 2019

Innhold

1. Bakgrunn, formål og avgrensing.....	3
2. DFØs myndighet, interne retningslinjer og organisering.....	4
3. Førespurnader om utgreiingsinstruksen.....	5
3.1 Oversikt over mottekne førespurnader	5
3.2 Beskriving av eit utval førespurnader	6
4. Samarbeid med andre aktørar.....	8
5. DFØs kompetansetilbod og andre tiltak.....	9
5.1 DFØs kompetansetilbod om utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar..	9
5.2 Djupevalueringa.....	13
5.3 Ansvar for deltaking i OECDs Regulatory Policy Committee.....	13
6. Strategisk viktige enkeltoppgåver i 2019.....	15

1. Bakgrunn, formål og avgrensing

Finansdepartementet har i tildelingsbrevet for 2019 gitt Direktoratet for økonomistyring (DFØ) i oppdrag å utarbeide ein rapport om forvaltninga av utgreiingsinstruksen i 2018. Formålet med rapporten er å gi Finansdepartementet eit grunnlag for å vurdere DFØs forvaltning av utgreiingsinstruksen. DFØ vil publisere rapporten på nettsidene våre etter fagmøte med departementet der rapporten blir gjennomgått.

I kapittel 2 omtaler vi kort DFØs ansvar for forvaltning av utgreiingsinstruksen, interne retningslinjer og organisering knytt til DFØs arbeid med regelverkssaker.

Kapittel 3 inneheld ei oversikt over talet på førespurnader frå departement og statlege verksemder om fortolking og forståing av utgreiingsinstruksen. Vi svarer òg på førespurnader om samfunnsøkonomiske analysar. Vi beskriv eit utval førespurnader nærmare.

Kapittel 4 inneheld ei oversikt over DFØs samarbeid med andre aktørar om utgreiingsinstruksen.

Kapittel 5 inneheld ei beskriving av nokon aktivitetar som har vore sentrale i forvaltninga av utgreiingsinstruksen, irekna DFØs kompetansehevande tiltak som blir tilbydde statlege verksemder.

Kapittel 6 inneheld ein kort omtale av strategisk viktige enkeltoppgåver for regelverksforvaltninga framover.

I tildelingsbrevet for 2019 står det òg at rapporten skal peike på eventuelle forhold av gjennomgåande karakter som har komme fram i Dokument 1 frå Riksrevisjonen for revisjonsåret 2017. Vi har ikkje funne spesielle forhold knytte til utgreiingsinstruksen i Dokument 1.

2. DFØs myndighet, interne retningslinjer og organisering

DFØ forvaltar utgreiingsinstruksen på vegner av Finansdepartementet. Dette ansvaret har vi hatt sidan den reviderte utgreiingsinstruksen blei gjort gjeldande 1. mars 2016. DFØ har elles ansvaret med å forvalte økonomiregelverket, jf. eigen rapport til Finansdepartementet.

Forvaltningsansvaret for utgreiingsinstruksen omfattar blant anna å fortolke, informere og rettleie om instruksen, vurdere behov for vidareutvikling og gi råd til Finansdepartementet om endringar i instruksen. Vidare skal DFØ oppdatere rettleiinga til utgreiingsinstruksen ved behov. DFØ skal hjelpe til med å innhente kommentarar frå departementa til forslag om vesentlege endringar i rettleiinga. Eventuelle endringar i sjølv utgreiingsinstruksen blir gjorde ved ny kongeleg resolusjon, mens vesentlege endringar i rettleiinga krev forankring hos departementa, eventuelt i regjeringa, og blir gjorde av DFØ.

Handteringa av spørsmål om utgreiingsinstruksen eller rettleiinga til instruksen som reiser prinsipielle spørsmål, blir lagd fram for Finansdepartementet. Andre departement dette vedkjem, blir involverte ved behov.

DFØ har eit delt rettleiingsansvar med Justis- og beredskapsdepartementet som har ansvaret for føresegnene som gjeld lover og forskrifter (kapittel 4), og Utanriksdepartementet som har ansvaret for føresegnene om EØS- og Schengen-saker (kapittel 5 og andre kapittel som angår denne typen saker).

DFØs behandling av førespurnader er lagd opp etter dokumenterte interne retningslinjer og rutinar. Dette blir gjort for å sikre god kvalitet, dokumentasjon og effektivitet. Alle skriftlege svar på førespurnader blir arkiverte. DFØ tek imot førespurnadene til e-postadressa postmottak@dfo.no. I tillegg svarer DFØ på spørsmål i samband med kurs, innlegg, workshops/seminar og rådgivingsoppdrag. Desse svara blir ikkje arkiverte på tilsvarende måte.

DFØs forvaltning av utgreiingsinstruksen er organisert i Forvaltnings- og analyseavdelinga (FOA). Oppgåver knytte til forvaltninga av utgreiingsinstruksen og fagområdet samfunnsøkonomiske analysar er i hovudsak samla i Seksjon for utgreiing og analyse (SUA).

DFØs ansvar for fagområdet samfunnsøkonomisk analyse inneber blant anna å rettleie og svare på spørsmål om krava i Finansdepartementets rundskriv R-109 om prinsipp og krav ved utarbeiding av samfunnsøkonomiske analysar mv. Det er ein nær samanheng mellom dette rundskrivet og utgreiingsinstruksen. Utgreiingsinstruksen definerer *når* ein samfunnsøkonomisk analyse er nødvendig, mens rundskrivet fastset *korleis* ein slik analyse skal gjennomførast. Vidare er det dei same seks spørsmåla i utgreiingsinstruksen som skal svarast på når statlege tiltak skal greiast ut, uavhengig av omfanget på utgreiinga.

3. Førespurnader om utgreiingsinstruksen

DFØ behandlar førespurnader om utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar frå departement og underliggjande verksemder. Under beskriv vi kort omfang og kva type førespurnader som DFØ har svart på i 2018. Vi har i 2018 ikkje hatt nokon førespurnader av prinsipiell karakter.

3.1 Oversikt over mottekne førespurnader

I 2018 behandla DFØ til saman 16 førespurnader om utgreiingsinstruksen og om Finansdepartementets rundskriv om samfunnsøkonomiske analysar.

Tabell 1 gir ei oversikt over talet på førespurnader DFØ svarte på i perioden 2016–2018, inndelt etter kva tema dei tek for seg. Hovudvekta av førespurnadene i denne perioden har vore på innhaldskrava i utgreiingsinstruksen og om samfunnsøkonomisk analyse.

Tabell 1: Talet på førespurnader i 2017 og 2018

Tema	2018	2017	2016
Verkeområdet til utgreiingsinstruksen	3	12	8
Innhaldskrava i utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar	10	13	11
Prosesskrava i utgreiingsinstruksen	3	4	10
Totalt tal på førespurnader	16	29	29

I 2018 var gjennomsnittleg saksbehandlingstid om lag ti dagar. Dette er ein auke frå gjennomsnittet i fjor på sju dagar, men ein nedgang frå 2016 da gjennomsnittet var elleve dagar. Nokon saker har vore krevjande, og det har vore nødvendig med avklaringar frå andre statlege verksemder eller internt i DFØ. I overkant av 40 prosent av sakene fekk svar innan tre dagar.

3.2 Beskriving av eit utval førespurnader

Under beskriv vi kort eit utval førespurnader vi har behandla. Desse er sorterte under kapittel 1–3 i rettleiinga til utgreiingsinstruksen.

Først beskriv vi eit par førespurnader om verkeområdet til utgreiingsinstruksen.

Gjeld utgreiingsinstruksen for enkeltvedtak?

Vi har fått spørsmål om utgreiingsinstruksen gjeld for enkeltvedtak, spesifikt i samband med konsesjonsbehandling. DFØ informerte om at utgreiingsinstruksen ikkje gjeld når det i lov eller forskrift, eller med heimel i lov eller forskrift, er fastsett særskilde reglar. For eksempel gjeld ikkje utgreiingsinstruksen for enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Det følgjer av rettleiinga til utgreiingsinstruksen (sjå avsnitt 1.2.2) at dette ikkje er til hinder for at sektorrettleingar kan opne for at enkeltvedtak med store verknader for samfunnet må greiast ut grundig.

Gjeld utgreiingsinstruksen for tiltak som kjem i oppdrag frå departementet?

Vi har òg fått spørsmål om utgreiingsinstruksen gjeld for alle oppdrag frå fagdepartementet, for eksempel oppdrag som ei underliggjande verksemd får i tildelingsbrevet. Eller om det er slik at instruksen berre gjeld når verksemda spesifikt får i oppdrag å greie ut eit tiltak eller finne riktig tiltak for å løyse eit problem. Vi informerte om at utgreiingsinstruksen med visse unntak omfattar alle statlege tiltak som har verknader utover eiga verksemd. I dei tilfella underliggjande verksemd er beden om å setje i verk eit tiltak og er usikker på om det er gjennomført eit tilstrekkeleg godt avgjerdsgrunnlag, anbefaler vi verksemda å ha ein dialog med fagdepartementet om dette.

Nedanfor beskriv vi tre ulike førespurnader om innhaldskravet i utgreiingsinstruksen.

Kan eit problem bli definert som ei moglegheit som ikkje er utnytta?

DFØ har fått spørsmål om eit problem i ei utgreiing kan sjåast på som ei moglegheit som ikkje er utnytta. I førespurnaden er det peikt på at ein i DFØs rettleiingar om utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar startar ei utgreiing med å beskrive problemet utan å gå inn på om dette kan komme av behov som per i dag ikkje er tilstrekkeleg godt dekte. Vi informerte om at vi i revidert rettleiing i samfunnsøkonomiske analysar (2018) har gjort denne problemstillinga tydelegare.¹ I kapittel 3.1.1 i rettleiinga går det fram at eit problem kan dreie seg om moglegheiter som i dag ikkje blir utnytta, men som ein bør vurdere å utnytte.

Finst retningslinjer for påslag av arbeidsgivaravgift og sosiale kostnader?

Vi har òg fått eit spørsmål om DFØ har retningslinjer for påslag for arbeidsgivaravgift og sosiale kostnader ved berekninga av kalkulasjonsprisar for arbeidskraft. Vi informerte om at den generelle anbefalinga vår er å vurdere dette i kvar enkelt utgreiing, og at ein bør synleggjere kva kostnader som er tekne med i påslaga. Vidare opplyste vi om at det i den reviderte rettleiinga i samfunnsøkonomiske analysar (2018) blir gitt eit eksempel på korleis dette kan bereknast.

¹ DFØ lanserte ei revidert rettleiing i samfunnsøkonomiske analysar i august 2018.

Realprisjustering av tidsgevinstar:

Vi har òg fått spørsmål om ein skal realprisjustere lønnskostnaden som er knytt til tidsinnsparingar for eigne tilsette. I førespurnaden er det peikt på at ein i rundskrivet om samfunnsøkonomiske analysar skal bruke brutto reallønn som verdi av arbeid, mens nettolønn skal reflektere verdien på fritid. DFØ informerte om at ein normalt sett skal leggje til grunn at lønnskostnader ikkje blir realprisjusterte i samfunnsøkonomiske analysar.

Nedanfor beskriv vi eit par førespurnader om prosesskravet i utgreiingsinstruksen.

Kan ein avvike frå minimumsfristen for høyring?

Vi har fått eit spørsmål om utgreiingsinstruksen gir rom for å avvike frå kravet om minimum seks veker høyringsfrist viss det er tilstrekkeleg med mindre tid. Vi har informert om at ein kortare høyringsfrist enn seks veker vil innebere eit avvik frå utgreiingsinstruksen (jf. utgreiingsinstruksen punkt 1-4). Det følgjer av avsnitt 3.3.2 i rettleiinga at det er berre for EØS-saker at instruksen opnar for å setje ein kortare frist enn seks veker. Vidare informerte vi om at ei eventuell avgjerd om å avvike frå minimumsfristen skal vere skriftleg og grunngitt, og at ho skal journalførast på saka til den aktuelle utgreiinga.

Når kan ein avgrense høyringa?

Vi har òg fått eit spørsmål om i kva tilfelle ein kan avgrense høyringa med ei grunngiving om at dette openbert er unødvendig. Vi har informert om at det i punkt 3.3.6 i rettleiinga står ei tolking av kva som er meint med unntak frå høyring som er gitt i instruksen. I rettleiinga blir det gitt to konkrete eksempel på når høyring kan vere openbert unødvendig. Det eine eksempelet er tiltak der Stortinget har fatta detaljerte vedtak som gjer det unødvendig med særskild høyring. Det andre eksempelet dreier seg om endringar av små detaljar i eit regelverk som ikkje inneber nokon faglege endringar. I sistnemnde tilfelle må verksemda sjølv vurdere om endringa medfører ei substansiell endring i regelverket.

4. Samarbeid med andre aktørar

DFØ har eit delt rettleiingsansvar for utgreiingsinstruksen med Justis- og beredskapsdepartementet (JD) og Utanriksdepartementet (UD). Mens DFØ har ansvaret for føresegnene i kapittel 1–3, har JD ansvaret for føresegnene som gjeld lover og forskrifter (kapittel 4), og UD har ansvaret for føresegnene som omhandlar EØS- og Schengen-saker (kapittel 5 og andre kapittel som tek for seg denne typen saker).

Eit godt samarbeid med JD og UD er nødvendig for å få til ei god forvaltning av utgreiingsinstruksen. På heimesida til DFØ er det gitt opp kontaktinformasjon til JD og UD ved førespurnader som omhandlar utgreiingsinstruksen kapittel 4 og 5.

DFØ har jamleg kontakt med JD og UD om utgreiingsinstruksen. På bakgrunn av at rettleiinga til utgreiingsinstruksen blei lansert i mars 2018, har vi hatt dialog med JD og UD om dette arbeidet. Vi har òg hatt dialog med UD om korleis vi kan samarbeide om å halde kurs om utgreiingsinstruksen.

DFØ har i 2018 hatt fleire fagdialogmøte med Finansdepartementet om utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar.

DFØ har òg hatt jamleg kontakt med Regelrådet med formål om gjensidig informasjonsutveksling og diskusjon om relevante samarbeidsflater. Vi har hatt mykje samhandling med Regelrådet om deltakinga i OECD-komiteen Regulatory Policy Committee. Vidare har vi samarbeidd med Regelrådet om rettleiingsmateriell og felles kurs om utgreiingsinstruksen i samarbeid med UD.

DFØ har òg eit godt samarbeid med Direktoratet for IKT og forvaltning (Difi) om utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar. I 2018 har vi fått hjelp frå Difi i samband med ei djupevaluering, der formålet var å finne gode eksempel. Vidare har vi samarbeidd med Difi om ein workshop, der temaet var IKT og omstillingsarbeid i statlege verksemdar. DFØ har òg fått hjelp frå Difi til å utvikle eit nettkurs om utgreiingsinstruksen.

Vidare har DFØ dialog med og samarbeider med statlege aktørar i samband med utarbeidinga av kompetansenester, og vi har fått eksterne konsultentselskap til å hjelpe oss med å utforme nokon av tenestene våre.

For meir informasjon om kva resultat samarbeidet med ulike aktørar har munna ut i, sjå kapittel 5.

5. DFØs kompetansetilbod og andre tiltak

Vi tilbyr kompetansenester som ein sentral del av regelverksforvaltninga vår. Kompetansenestene våre skal bidra til gode avgjerdsgrunnlag i staten. I dette kapittelet skal vi omtale DFØs kompetansetilbod om utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar.

Vi beskriv òg andre tiltak og erfaringar i 2018 som belyser korleis DFØ har forvalta utgreiingsinstruksen.

5.1 DFØs kompetansetilbod om utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar

DFØs samla kompetansetilbod skal bidra til å heve nivået på utgreiingskompetansen til statlege verksemder og stimulere til fleire og betre utgreiingar. Ulike studiar, irekna DFØs nullpunktsmåling av februar 2017, viser at det er eit vesentleg forbetringspotensial når det gjeld kvaliteten på utgreiingar av statlege tiltak.² Mangelfull utgreiingskompetanse blir av statlege verksemder framheva som ei av fleire årsaker til svak etterleving av instruksen.

DFØ tilbyr kurs, rettleiing, workshops/seminar, rådgiving og eit nettverk for samfunnsøkonomiske analysar. For at kompetansetilbodet til DFØ skal opplevast som relevant og brukarvennleg, innhentar vi synspunkt frå brukarane våre om kva utfordringar og behov dei har i samband med utgreiingar av tiltak. Vidare involverer vi brukarane våre når vi utviklar nye tenester og vidareutviklar eksisterande tenester.

Samarbeidet med andre aktørar som har praktisk erfaring med å gjennomføre utgreiingar, kvalitetssikre utgreiingar og annan relevant utgreiingskompetanse, gir nyttig innsikt og kunnskapsdeling som gjer DFØ i stand til å levere gode og brukarretta kompetansenester.

Brukarane er elles godt nøgde med DFØs kompetansenester innan utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomisk analyse, jf. DFØs kunde- og brukarundersøking i 2018 som er omtalt i årsrapporten.

DFØs kurstilbod

DFØ lanserte eit nettkurs om utgreiingsinstruksen i mai 2018. Kurset gir ei innføring i korleis ein skal greie ut statlege tiltak for å komme fram til eit godt avgjerdsgrunnlag. Etter enda kurs skal deltakaren kunne gjennomføre ein minimumsanalyse, ein forenkla analyse og ein samfunnsøkonomisk analyse.

Ved å tilby nettkurs vil statsforvaltninga ha tilgang til kurs der dei er, og når dei har behov for læring. Nettkurset er utvikla med hjelp frå eit konsultentselskap og ei referansegruppe med personar frå ulike statlege verksemder, irekna Difi. DFØ fekk midlar frå Difis program *Læring på nett* til å utvikle nettkurset.

Kurset er tilgjengeleg på læringsplattforma til Difi og på DFØs heimeside. Statistikk frå Difi viser at 363 personar har logga inn på kurset i 2018, av desse har 86 personar fullført heile

² Sjå DFØ-rapporten «Tilfredsstillar statlige utredninger utredningsinstruksens krav? En nullpunktsmåling ved iverksettelse av ny instruks i 2016».

kurset. 56 personar har vurdert kurset i etterkant, og kurset har fått 5 «stjerner» av 6 moglege i gjennomsnitt.

DFØ tilbyr òg eit nettkurs i forenkla (samfunnsøkonomisk) analyse. Nettkurset har vore tilgjengeleg på nettsidene våre sidan våren 2016 og er frå 2018 òg tilgjengeleg på Difi sine nettsider. Statistikk frå nettsidene våre viser at om lag 670 personar har starta dette kurset, og om lag 115 personar har fullført heile i løpet av 2018.

Forklaringa på at ein stor del ikkje har fullført nettkursa, kan vere at begge er relativt omfattande, og at dei dermed vel å berre ta dei delane av kurset som er vurderte som mest relevante.

DFØ har i 2018 gradvis dreidd i retning av eit meir praktisk orientert kurstillbod ved å integrere nettkursa med heildagskursa våre. Vi stiller krav om at kursdeltakarane må ta nettkurset om utgreiingsinstruksen i forkant av kurset vårt om utgreiingsinstruksen og forenkla analyse. Dermed kan vi på sjølve kursdagen konsentrere oss meir om eksempel, oppgåveløysing og faglege diskusjonar.

Når det gjeld kurset vårt om samfunnsøkonomiske analysar, er dette kurset òg dreidd i ei meir praktisk retning, med auka vektlegging på konkrete eksempel og oppgåver. I dette kurset gir vi òg ei kort innføring i DFØs berekningsverktøy for netto noverdi i ein samfunnsøkonomisk analyse.

Dreiinga i kompetansetilbodet vårt er basert på tilbakemeldingar vi har fått frå brukarane våre. Basert på evalueringar av kurstillbodet vurderer vi fortløpande korleis vi utviklar kurstillbodet vårt vidare.

Vi har i 2018 halde to kurs om utgreiingsinstruksen og to kurs om samfunnsøkonomiske analysar. I evalueringane ber vi deltakarane om å rangere fleire aspekt ved kurset frå 1 til 5. På spørsmålet «Hvor fornøyd er du med kurset totalt sett» fekk dei fire kursa i 2018 ein gjennomsnittsscore på 4,4.

DFØs tilbod om seminar, innlegg, rådgiving og nettverk

På førespurnad arrangerer DFØ seminar og workshops om utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar. I 2018 arrangerte vi

- eit heildagsseminar om utgreiingsinstruksen for Brønnøysundregisteret
- ein heildagsworkshop om temaa IKT og omstilling saman med Difi
- ein heildagsworkshop om temaet ikkje-prisette verknader saman med statlege verksemdar innan byggsektoren (Statsbygg, Forsvarsbygg og Sjukehusbygg). DFØ vil saman med aktørane i byggsektoren følgje opp seminaret i 2019.

DFØ har òg hatt dialog med UD og Regelrådet om å halde eit felles kurs om utgreiingsinstruksen, der temaa EØS- og Schengen-saker og reguleringsarbeid skal belysast særskilt. Det er fastsett ein kursdag i april 2019 for dette kurset.

Vi har òg halde ei rekkje innlegg om utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar i samband med desse arrangementa:

- Konferansen Concept Symposium
- Foreklingskonferansen i regi av NHO
- Fredagsseminar hos Helsedirektoratet
- Frukostseminar i Spekter
- Avdelingsmøte i Skattelovavdelinga, Finansdepartementet
- Nettverksmøte hos Dataforeningen (tema: ikkje-prissette verknader)
- DFØs Kundeforum (ein parallellsesjon for leiarar)
- Sekretariatet til Stoltenbergutvalet (ekspertutval om kjønnsforskjellar i skoleprestasjonar)

DFØ tilbyr òg noko rådgiving til statlege verksemder som skal bestille/gjennomføre ei utgreiing eller utarbeide sektor- eller temarettleiingar. Rådgivinga er basert på hjelp-til-sjølvhjelps-prinsippet. Dette prinsippet inneber at vi ikkje gjennomfører utgreiingar eller utarbeider rettleiingar for verksemda, men vi kan hjelpe med råd om metode og korleis oppfylle krava i utgreiingsinstruksen og Finansdepartementets rundskriv om samfunnsøkonomiske analysar.

I 2018 bestod DFØs rådgiving i hovudsak av å hjelpe med å revidere eller utarbeide nye sektor- eller temaspesifikke rettleiingar. Vi har vore involvert i arbeidet med følgjande sektor- og temaspesifikke rettleiingar:

- I samarbeid med Difi har vi hjulpt i arbeidet med å revidere rettleiinga til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), «Veileder i utvalgsarbeid i staten».
- Vi har delteke i arbeidsgruppe og referansegruppe til revideringa av rettleiinga til Olje- og energidepartementet, «Veileder om samfunnsøkonomiske analyser i petroleumssektoren».
- Vi har gitt innspel til revideringa av rettleiinga til Nærings- og fiskeridepartementet, «Veileder om næringsøkonomiske konsekvensvurderingar».
- Vi har gitt innspel til Jernbanedirektoratets revidering av «Veileder i samfunnsøkonomiske analyser i jernbanesektoren».
- Vi har gitt ei høyringsfråsegn til Helsedirektoratets revidering av «Veileder for helseeffekter i samfunnsøkonomiske analyser».
- Vi har gitt innspel til revidert rettleiing til KMD, «Veileder om distriktsmessige konsekvenser».
- Vi har gitt innspel til revidert rettleiing til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, «Veileder for likestillingsmessige konsekvenser».

Vi har samarbeidd med FIN om å gi innspel til dei ovannemnde rettleiingane.

Vi har òg hatt rådgivingsmøte med enkelte statlege verksemder. Vidare har vi vore med på eit par utviklingsprosjekt i samferdselssektoren. Det eine prosjektet er i regi av Statens vegvesen og omhandlar bruken av plus-minus-metoden innan samfunnssikkerheit, mens

det andre prosjektet er i regi av Nye vegar og omhandlar utvikling av miljøindikatorar til bruk i alle fasar av eit prosjekt/tiltak.

DFØ har hausten 2018 etablert fagblogg innan ulike fagområde, irekna fagblogg om utgreiingar. Vi publiserte fire fagblogginlegg om temaa utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar i løpet av hausten.

Vidare har vi publisert ein artikkel om utgreiingsinstruksen i Stat og Styring (3/2018) med tittelen «Det er for mange dårlige utredningar» i tillegg til ein kronikk i Dagens Næringsliv med tittelen «En god medisin mot sløsing».

DFØ har òg eit nettverk for samfunnsøkonomiske analysar. Nettverket har til formål å bidra til å auke kunnskapen om samfunnsøkonomiske analysar og bidra til erfaringsutveksling. I 2018 arrangerte vi to nettverksmøte for medlemmene våre. Det er om lag 350 medlemmer i nettverket.

DFØs rettleiingstenester på nett

DFØ tilbyr desse rettleiingane innanfor utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar:

- DFØs veileder til utredningsinstruksen
- DFØs veileder i samfunnsøkonomiske analyser

DFØ lanserte ei revidert rettleiing om utgreiingsinstruksen i mars 2018. Justeringa av rettleiing om spørsmål 3 og 5 (under avsnitt 2.1.2) er endringar av særleg substansiell art. I tillegg er det gjort endringar som gjeld statsføretak (i avsnitt 1.2.1 og 1.2.2). Andre endringar er mindre presiseringar for å tydeleggjere den eksisterande budskapet. Endringane er baserte på mottekne regelverksførespurnader, forslag til presiseringar frå DFØ og innspel frå eit framlegg til departementet hausten 2017.

Vidare lanserte DFØ ein revidert versjon av rettleiinga i samfunnsøkonomiske analysar i august 2018. Rettleiinga er oppdatert med utgreiingsinstruksen frå 2016 og tilhøyrande rettleiing som sist blei revidert i mars 2018. Vidare er det gjort enkelte faglege og pedagogiske klargjeringar og presiseringar. Det er òg lagt inn fleire eksempel for å illustrere metodiske problemstillingar, spesielt innan reguleringsområdet. Endringane er baserte på regelverksførespurnader og innsamla brukarinnsikt hos eit utval statlege verksemder. I tillegg har vi fått innspel frå Finansdepartementet og Regelrådet.

DFØ tilbyr òg ein del rettleiing på nettsidene våre. Her finn ein òg praktiske verktøy og andre ressursar som kan vere nyttige for å greie ut statlege tiltak. I 2018 tilbydde vi blant anna desse tenestene på nettsidene våre:

- Digitale tenester
 - E-verktøy for å finne rett nivå på utgreiinga
 - Excel-mal for å berekne netto noverdi
 - Nettkurs om utgreiingsinstruksen og forenkla analyse

- Kortfatta rettleiing om minimumskrava, forenkla analyse og samfunnsøkonomiske analysar
- Tips til dei som skal bestille ein samfunnsøkonomisk analyse
- Eksempelsamling som viser korleis ein kan rette seg etter minimumskrava i utgreiingsinstruksen
- Oversikt over nasjonale sektor- og temarettleiingar i tillegg til internasjonale utgreiingsrettleiingar

I februar 2018 lanserte DFØ eit oppdatert og meir brukarvennleg berekningsverktøy for berekning av netto noverdi. Verktøyet blei utvikla i samarbeid med eit konsultentselskap.

5.2 Djupevalueringa

I 2018 har vi fått hjelp frå eit konsultentselskap til å gjennomføre ei djupevaluering av to utgreiingar (samfunnsøkonomiske analysar) av statlege tiltak. Eksempla er meint å inspirere til betre utgreiingar og auke forståinga av kva eit godt avgjerdsgrunnlag er. Dei to utgreiingane frå Politidirektoratet og Arkivverket blei valde fordi dei verka som gode utgreiingar når det gjaldt innhaldet.

Rapporten legg særleg vekt på korleis ein kan involvere breitt og tidleg, og gir kunnskap om korleis ein kan unngå fallgruver undervegs.

Vi oppretta inga formell referansegruppe til dette prosjektet, men fekk gode innspel og råd undervegs i prosjektet av Concept og av Difi.

Djupevalueringa blei publisert i januar 2019 gjennom DFØs nyheitsbrev, Concept sitt nyheitsbrev, nettsidene våre og fagbloggen vår. Denne vil supplere DFØs rettleiingar om utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar.

5.3 Ansvar for deltaking i OECDs Regulatory Policy Committee

Finansdepartementet har delegert til DFØ ansvaret for oppfølginga av OECDs Regulatory Committee (RPC) og for å ha rolla som ansvarleg koordinator for Noregs medlemskap i denne komiteen. Dette inneber eit ansvar for å samordne informasjon og deltaking med dei andre norske samarbeidspartnarane – Nærings- og fiskeridepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet (Lovavdelinga), Finansdepartementet og Regelrådet.

DFØ vurderer at å delta i komiteen gir verdifull innsikt om reguleringsarbeid i andre land, og at dette er ein arena for å knyte seg til relevante nettverk internasjonalt. OECD produserer ei rekkje sentrale dokument som tek for seg både *innhaldet* i ei utgreiing (irekna før-,

undervegs- og etterevalueringar) og betydninga av *prosessen* (involvering av dei som dette vedkjem, og andre) i samband med utgreiingsarbeidet.

Eit viktig siktemål med deltakinga i komiteen er å vurdere kva Noreg kan lære av andre land, og spreie erfaringar og kunnskap om arbeidet i denne OECD-komiteen. DFØs deltaking i komiteen vil elles vere ei viktig kjelde til å vidareutvikle kompetansetilbodet vårt.

DFØ koordinerer eit nettverk beståande av representantar frå samarbeidspartnarane våre frå NFD, KMD, JD, FIN, Regelrådet og Difi. Vi har jamleg kontaktmøte med dette nettverket for å koordinere innspela våre til dokument som blir behandla i komiteen, og for å diskutere relaterte problemstillingar knytte til reguleringsarbeid.

I samband med Noregs medlemskap i RPC har vi òg samtykt i å vere vertsland for ein OECD-konferanse 13.–14. juni 2019. DFØ vil arrangere konferansen i samarbeid med Regelrådet, der formålet er å spreie kunnskap i Noreg om kva vi kan lære av arbeid som blir gjort i andre OECD-land.

6. Strategisk viktige enkeltoppgåver i 2019

DFØ arbeider kontinuerleg med å gjere kompetansenestene våre betre basert på tilbagemeldingar frå brukarane våre. Standardtilbodet vårt innan utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomisk analyse består av kurs, rettleiing, nettverk og rådgiving.

Vi deltek òg i ulike arbeids- og referansegrupper initierte av andre statlege verksemder. I 2019 vil vi blant anna gjennom prosjektdeltaking hjelpe med Finansdepartementets rettleiing om digitalisering i kvalitetsordninga til departementet.

Nedanfor gir vi ei oversikt over strategisk viktige enkeltoppgåver innanfor forvaltninga av utgreiingsinstruksen i 2019.

- *Oppfølging av DFØs nullpunktsmåling – i kva grad blir UI etterlevd?*³
DFØ vil i 2019 følgje opp nullpunktsmålinga om kvaliteten på statlege utgreiingar, som vi publiserte i februar 2017. Vi vil utarbeide ei tilsvarande evaluering i 2019 for å undersøkje om kvaliteten på statlege utgreiingar er i samsvar med krava i utgreiingsinstruksen.
- *Synleggjering av utgreiingsinstruksen i DFØs andre fagområde*
Gode avgjerdsgrunnlag er eit sentralt tema for fleire av fagområda som er regulerte i økonomiregelverket. Med ny utgreiingsinstruks frå 2016 er det komme tydelegare krav til utgreiingar, og desse vil òg spegle seg i DFØs andre fagområde, for eksempel etatsstyring, verksemdsstyring, gevinstrealisering og tilskottsforvaltning.

DFØ vil føre vidare arbeidet med å implementere budskapet om rolla og funksjonen til utgreiingsinstruksen i DFØs andre fagområde som er regulerte i økonomiregelverket, irekna område som etatsstyring, verksemdsstyring og tilskottsforvaltning. Eit kunnskapsbasert styringsopplegg inneber både førevalueringar, undervegsevalueringar og etterevalueringar.

- *Djupevaluering – eksempel på god praksis*
DFØ publiserte i januar 2019 ei djupevaluering og i mars 2019 ei sjekklister basert på denne. Formålet med desse to kompetansenestene er å spreie kunnskap om gode eksempel på korleis ein i praksis kan utarbeide gode avgjerdsgrunnlag.

DFØ vil i 2019 vurdere om vi skal gjennomføre ei ny djupevaluering i 2020, tilsvarande ho som vi publiserte i år. Konsulentselskapet som gjennomførte djupevalueringa på vegner av DFØ, laga ein mal for framtidige djupevalueringar slik at det blir enklare og meir kostnadseffektivt å gjenta øvinga.

For å belyse ulike problemstillingar ved utgreiingar vil det vere eit poeng at DFØ ved ei eventuell ny djupevaluering vel utgreiingar innanfor ulike sektorar og med vektlegging på særskilde utfordringar knytte til desse.

³ Sjå DFØ-rapporten «[Tilfredsstillar statlige utredninger utredningsinstruksens krav? En nullpunktsmåling ved iverksettelse av ny instruks i 2016](#)».

- *Deltaking i OECDs Regulatory Policy Committee (RPC)*

DFØ vurderer deltakinga i OECDs Regulatory Committee (RPC) som ein nyttig og relevant lærings- og nettverksarena innan reguleringsarbeid (jf. kapittel 5.4). DFØ vil følgje opp ansvaret vårt som nasjonal koordinator som aktivt legg til rette for eit godt samarbeid nasjonalt og internasjonalt.

Våren 2019 vil DFØ i samarbeid med Regelrådet arrangere OECDs årlege reguleringskonferanse den 13.–14. juni. Finansministeren har takka ja til å innleie konferansen. Konferansen vil i hovudsak vere tilgjengeleg for OECD-delegatar, men som vertsland vil vi nytte anledninga til å invitere fleire til den opne delen av konferansen.